

Forord

Valdres folkemuseum var vertskap då Norsk folkemusikklag inviterte til seminar i 2015. Temaet var ”Norske klimpreinstrument”, men var konsentrert rundt langeleiken med utgangspunkt i utstillinga ved museet. Under seminaret lanserte laget òg skriftet ”Hardingfeledekoren”, som er basert på innlegg frå seminaret på Rauland i 2013. Det står som ein fri publikasjon frå laget og kom dette året i tillegg til det skriftet du held i handa. Seminaret på Fagernes er elles omtala under ”konferanserapportar”.

Denne utgåva av Musikk og tradisjon er ei samling av frie artiklar med brei tematisk variasjon.

Tone Honningsvåg Erlien får æra av å opna skriftet vårt i år og ser i sin artikkel på formidling av dansetradisjonar på friluftsmuseum. Ho utfordrar musea sine formidlingsmetodar, og ser mellom anna desse i lys av UNESCO-konvensjonen for vern av den immaterielle kulturarven. Ho diskuterer vidare nokre nye formidlingsverktøy med særleg vekt på interaksjon med publikum. Artikkelen bygger på masteroppgåva hennar ”A dance museum” frå Erasmus Mundus-masterprogrammet i dansevitenskap ved NTNU.

Per Åsmund Omholt tar i sin artikkel tak i eit kjent tema i norsk folkemusikkforskning: Tonalitetsforskinga og dei ”svevande” intervalla. Ved hjelp av teknologi som gjer det mogleg med svært nøyaktige målingar av tonehøgde, ser han med nytt blick på dette temaet. Artikkelen er basert på eit ”case-studium” med målingar av intonasjonen til Aslak Brekke i eit opptak der han syng ”Mælefjøllsvisa”. Målingane og dei metodiske utfordringane vert så diskutert i lys av ulike teoriar innanfor feltet.

Nyare teknologi har òg gjort det mogleg å sjå nærare på dei rytmiske elementa i musikken, noko som er utgangspunktet for Mats Johansson sin artikkel. Basert på tidlegare målingar av rytme i opptak med skandinaviske fe-

leslåttar (avgrensa til springar, pols og polska), diskuterer han mellom anna praktiske utfordringar i måleprosedyrane, utfordringar i tolkinga av desse målingane og slik behovet for å sjå dei i ein større kontekst.

I artikkelen om ”den norske sekkepipe” tar Tellef Kvifte utgangspunkt i eit eige prosjekt om å laga ei sekkepipe til bruk i norsk folkemusikk. 20 år etter ser han no tilbake på prosessen og reflekterer rundt dei tekniske, kulturelle og musikalske utfordringane han møtte på vegen. Om nokon ønskjer eit lydspor til artikkelen, kan det òg nemnast at artikkelforfattaren hausten 2015 sleppte eit album med same tittel, som mellom anna inneheld norsk slåttemusikk på sekkepipe.

“Opplevde (...) aktørene som arbeidet for etablering av folkemusikkutdanning i Norge tilsvarende motforestillinger som man opplevde ved etableringen av de rytmiske musikkutdanningene?”, spør Knut Tønsberg i sin artikkel om akademiseringa av folkemusikken. Med eit blick frå utsida av det norske folkemusikkmiljøet samanliknar han utfordringane i ”akademiseringa” av folkemusikken med tilsvarande utfordringar i etableringa av musikkutdanningar for populærmusikk/jazz.

I siste artikkel er me igjen tilbake til UNESCO-konvensjonen om vern av den immaterielle kulturarven. Det er no gått meir enn eit tiår sidan konvensjonen vart vedtatt i 2003 (ratifisert av Noreg i 2007), og denne har i fleire land vorte eit sentralt politisk verktøy for vern av mellom anna tradisjonsmusikken og -dansen. Egil Bakka ser her på konvensjonen frå ulike synsvinklar og reflekterer rundt nokre av utfordringane i tolkinga av denne og diskusjonane det første tiåret. Han tar så diskusjonen tilbake til røtene av konvensjonen og frå ”ekspertane” til brukarane av tradisjonane.

Takk til artikkelforfattarar, bokmeldarar, redaksjonen, redaksjonsrådet, Novus forlag, alle dei anonyme fagfellene og andre som har bidratt til dette skriftet!

Sveinung Søyland Moen
november 2015